# Helgedagen

DEN NORSKE KYRKJA

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 3 - juni 2019 51. årg.



Ny biskop side 4



Jærklang 20 år side 8



Trusopplæringa side 10



Ope hus på Fotland side 14



## Bryne - Time - Undheim sokn

**Kyrkjekontoret** tlf. 51 77 03 77
Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00
Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne
Inngang frå Saronsbrotet
heimeside: http://www.time-kyrkja.no
e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no
Prost: Kjell Børge Tjemsland tlf. 416 38 048
Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 401 67 222
Diakon: Marit Høie Hetland tlf. 48 89 69 19
Sekretær: Inger-Kathrine Kjølleberg tlf. 51 77 03 77
Assisterande kyrkjeverje: Siri Vik tlf. 906 43 758
Kyrkjeverje: Gunnar Bjorland Stone tlf. 962 32 582

**Time**
Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847
Organist: Oddny Underhaug tlf. 900 11 178
Trusopplærar Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872
Kyrkjetenar: Gunhild Edith Lande tlf. 48 10 70 62
Kyrkjetenar helg: John Ingve Olsen tlf. 481 56 048
Soknerådsleiar: Willy Finnbakk tlf. 913 86 545
Dagleg leiar: Anna Bergitte Skårland tlf. 990 26 276
Klokkar: Olav Njølstad Egeland
Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

**Bryne**
Heimeside http://www.brynekyrkja.no
Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105
Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708
Trusopplærar Kristine Åsbø (permisjon) tlf. 950 20 920
Vikar Mari Ask Helland
Barne- og ungd.arbeidar Marion Lende (permisjon) tlf. 904 16 888
Klokkar: Leif Andenes tlf. 909 93 176
Sekretær: Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 77
Soknerådsleiar: Ola Undheim tlf. 908 58 793
Dagleg leiar Bryne: Bjørn Inge Hauge tlf. 481 27 481
Kyrkjelydsmedarb.: Johannes Kleppe tlf. 951 42 602
Kyrkjetenar: Gunhild Edith Lande tlf. 48 10 70 62
Kyrkjetenar helg: Karin Sofie E. Olsen tlf.467 98 464

**Lye forsamlingshus**
Heimeside http://www.lyeforsamlingshus.no
Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847
Dagleg leiar: Anna Bergitte Skårland tlf. 990 26 276

**Undheim**
Heimeside http://www.undheimkyrkja.no
Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20
Sokneprest: May Brit Merland Arnø tlf. 46 79 45 18
Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346
Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560
Soknerådsleiar: Hanne Brit Sandsmark tlf. 996 26 157
Dagleg leiar: Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 77

Besøk vår nettside:
**www.time-kyrkja.no**
E-post sokneråda:
Time sokneråd: time.soknerad@time-kyrkja.no
Bryne sokneråd: bryne.soknerad@time-kyrkja.no
Undheim sokneråd: undheim.soknerad@time-kyrkja.no


# Til ettertanke

## Så var det dette med pinse…



Stein Ødegård

*Ikkje lett å forstå og gjera noko med, seier mange.*

*Men kva med dette verset hos ein av dei som har dikta mest om pinse? Grundtvig sin: Apostlene satt i Jerusalem og ventet på Herrens time. Norsk Salmebok nr. 231 vers 6:*

*"Så tentes på jorden det lys fra Gud*
*som siden lik sol har strålet,*
*hvor levende røster Guds nådes bud*
*forkynte på modersmålet.»*

*Når levande røyster forkynner bodskapen om Guds nåde på morsmålet, då er det pinse på ny. Då lever me i pinsa si tid. Då virkar pinsa si kraft. Då gjer den heilage Ande at Jesus vert levande for oss.*

*På morsmålet, seier Grundtvig, og støttar seg til det som skjedde i Jerusalem, der dei tolv fekk eldtunger over seg og begynte å snakka mange forskjellige språk. Ikkje uforståeleg tungetale. Men kjende språk som folk kunne forstå! Guds Ande over apostlane skapte språkunderet: at ulærde tollarar og fiskarar kunne tala slik at alle folkegruppene som kom til fest i Jerusalem, kunne høyra om Guds storverk på sitt eige morsmål.*

*Kvar gong nokon høyrer forkynning og oppfattar at dette kjem frå Gud, så er den heilage Ande på ferde. Kvar gong ein venn eller ein god nabo finn eit språk for evangeliet som gjer at me kan forstå og ta det til oss, er det pinse på ny. Eit språk som folk kan forstå, det er Guds Ande sitt varemerke.*

*Det trengs. For det er mykje som skurrar. Støy. Strev med å oppfatta evangeliet si gladmelding. Eller å læra kodar og kultur som oppstår i og rundt kyrkjer og gudshus.*

*Då er pinse ei nødvendig kraft som kyrkja treng å opna seg for, for å kunna snakka eit språk folk kan forstå og slik møta dei på heimebane.*

*Og då er pinse ei stor gåve. For pinse er at det skjer, det som Jesus har lova: Å senda Anden som talsmann, slik at evangeliet skal få ein eigen tolk i mitt og ditt hjarta. "Han bur hjå dykk og skal vera i dykk," seier Jesus. Ekspert på meg og ekspert på Gud. Sånn at mitt hjarta og Guds hjarta møtest. Sånn at eg ikkje bare forstår evangeliet sine ord, men dei vert levande, dei vert noko eg ikkje kan vera utan, dei treffer mitt liv på heimebane og gjer det nytt.*

**Eit språk folk kan forstå,** *det er pinse.* **Ein bodskap folk kan ta imot,** *det er ennå meir pinse.*

**God pinse!**

Sokneprest Bryne
Stein Ødegård

***Framside: Framside: Stola-motiv brodert av Inger Bakke Berge. - Foto: Inger Bakke Berge. Sjå óg side 5.***


**Helgedagen** Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.
Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Gunnar Frøyland, Reidun Jane Heskestad, Arnfinn Vigrestad og Bjørn Håland.

Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen.
Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen@gmail.com innan 26. august 2019.
Neste nr. kjem ut ca. 26. september 2019.

# Min salme

## Deg være ære, Herre over dødens makt

*Deg være ære, Herre over dødens makt!*
*Evig skal døden være Kristus underlagt.*
*Lyset fyller haven, se en engel kom,*
*åpnet den stengte graven,*
*Jesu grav er tom!*

*Omkved:*
*Deg være ære,*
*Herre over dødens makt!*
*Evig skal døden være*
*Kristus underlagt.*

*Se, Herren lever! Salige morgenstund*
*Mørkets makter bever. Trygg er troens grunn.*
*Jubelropet runger; Frelseren er her!*
*Pris han, alle tunger, Kristus Herre er!*
*Omkved*

*Frykt ikke mere! Evig er han med.*
*Troens øye ser det; Han gir liv og fred.*
*Kristi navn er ære, seier er hans vei.*
*Evig skal han regjere, aldri frykter jeg*
*Omkved*

Tekst: *Edmond Louis Budry 1885*
*Omsett: Arne Fjelberg 1947*
Melodi: *George Frideric Handel 1746*

**"**Vi er trygge. Kristus er Herren vår. Vi skal ikkje vera redde. Han vil vera med oss alltid i glede og i sorg. **..."**



Leikny Åsen

Edmond Louis Budry ( 1854-1932) var ein sveitsisk prest og salmediktar. Han skreiv denne salmen i 1885. G.F.Händel sette melodi til. Salmen er oversett til mange språk.

Dette er ein kjær påskesalme for meg. Vi kan syngja han heile året, ikkje berre i påska. Eg har høyrt han frå eg var ei lita jente.
Første gongen eg for alvor vart kjend med denne salmen, var då eg i 5. klasse var på påskeleir på Solborg. Salmen var motto på leiren, og vi song han mange gonger kvar dag. Sidan då har han vore med meg. Påskebodskapet går igjen gjennom heile salmen; Jesus som sigra over døden og opna vegen til himmelen for oss. Lyset i hagen, engelen som kom og fortalte at grava var tom. Herren lever. Vi er trygge. Kristus er Herren vår. Vi skal ikkje vera redde. Han vil vera med oss alltid i glede og i sorg. Jesus gir oss liv og fred med Han. Vi treng ikkje å frykta noko. Vi har eit evig håp.

Es.41.10 "Ver ikkje redd, for eg er med deg" har Gud sagt i sitt Ord. Måtte vi alle få sjå dette store som Gud har gitt oss og tru på Han!

# Vegen tilbake til Gud

*"For så elska Gud verda at han gav Sonen sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv!"*
Joh. 3,16

**Bøn:** Jesus, du veit om mine feil og nederlag. Eg trur at du er Guds son som døydde på krossen. Slik vart ditt blod gjeve for syndene mine. Kom inn i hjarta mitt og livet mitt og gjer meg til eit Guds barn. Eg tek imot deg akkurat nå som min Herre og Frelsar. Eg tek imot di tilgjeving for syndene mine. I Jesu namn.
Amen

# – Folk er kirkens største ressurs, og vi trenger hele mannskapet

*Anne Lise Ådnøy er klar på hva hun gleder seg aller mest til som Stavanger bispedømmes nye biskop. – Til å treffe folk! Å besøke menigheter og høre hvordan situasjonen er rundt om kring. Det vet jeg gir meg mye å være stolt og glad for.*

17. mars ble Anne Lise Ådnøy vigslet i Stavanger domkirke. Hun har vært konstituert biskop i Ivar Brauts sykefravær, nå skal hun i gang med å være biskop «på ekta». Med ny og vakker bispekåpe, lilla skjorte og bispekorset på brystet skrider Anne Lise inn i rollen som åndelig leder for kirken i Rogaland. Men hun lar sjelden anledningen gå fra seg til å understreke at hun representerer folket, og at alle stiller likt for Gud.

– Jeg liker å forkynne det gode budskap om at Gud vil at alle skal bli frelst, og at Jesus har vist oss at Gud ikke gjør forskjell på folk, sier biskopen.

At hun ble vigslet med Kongen til stede, med stas og høytidelighet, kan synes i noe kontrast til Anne Lises mer beskjedne og nøysomme stil. Men selve vigslings-handlingen er hun glad for.

– Når jeg nå skal inn i en krevende lederjobb er det en trygghet å ha fått både Guds velsignelse og kirkens velsignelse til den jobben.

Åpne dører

Anne Lise Ådnøy (61) bestemte seg tidlig i livet for å bli prest. Hun studerte teologi på TF, og var sokneprest i Edøy i Ytre Nordmøre fra 1985-93. Hun har vært ungdoms-prest og kapellan i Hundvåg i Stavanger fra 1993-2003, sokneprest i St. Petri i Stavanger fra 2003-11 og domprost i Stavanger fra 2011.

– Jeg går alltid inn til gudstjeneste fra døra, gjennom menigheten, fram til alteret, fordi jeg opplever at jeg er en representant for folk i menigheten, skrev Anne Lise om seg selv i presentasjonen til bispedømmerådet.
Stavangers nye biskop sier hun vil jobbe for en åpen kirke, med Jesus i sentrum. I vigslingsprekenen hennes er det den åpne døren inn til Guds hjerte som er hovedtema.



Anne Lise Ådnøy i ny bispekåpe

At bispedøra i domkirken er den trangeste å gå gjennom, tar hun med seg som en melding til seg selv og alle kirkeledere med makt.

En attraktiv Jesus

– Det viktigste for meg er at vi som kirke holder dørene åpne, slik at vi ikke definerer folk ut. Og så må vi forkynne Jesus på en sånn måte at Jesus er attraktiv. At han får bety noe for dagene våre og livet vårt her. At vi forkynner at evangeliet faktisk er et gledes-ord! Det kan vi aldri få sagt tydelig nok.

– Hvor er Gud i livene våre, hvor er det vi finner Ham?
– Jeg tror Gud er over alt. Jeg hadde en gang en kalender med et foto av en sørafrikansk kvinneforening. De hadde sydd et stort banner de viste fram, der det sto: «We must be aware of God’s presence in everything». Dette slo inn over meg i 1980, og er bærende for meg fortsatt. Guds nærvær er over alt. Men så er det noe med det at vi ikke alltid er så tilstede.

*– Hva gjør du selv for å være tilstede?*
*– Jeg bruker noe tid på å reflektere, tenke og tømme tankene i stillhet. Jeg er en person som er nokså avhengig av stille pauser. De stille pausene kan jeg også ha når jeg går tur eller gjør helt andre ting.*
*Håp om rettferdighet*

*På spørsmål om det er noe spesielt den nye biskopen drømmer om, må hun tenke seg godt om.*
*– Jeg har det så utrolig godt, så jeg tenker ikke at noen ting skulle vært annerledes for min del. Men jeg kan være med på Bibelens drøm om en rettferdig jord, uten smerte og sult og død.*

*– Hva gir deg håp?*
*– Alt som bidrar til større rettferdighet og mindre lidelse er med på å gi meg håp. Det kan være bare helt små ting, som jeg for eksempel ser i interaksjon mellom to fremmede når jeg passerer dem. Eller det kan være det som Kirkens Nødhjelp gjør gjennom Fasteaksjonen, eller politiske vedtak som går i rett retning.*

*Anne Lise Ådnøy tar over som leder i et av bispedømmene med aller mest kirkelig aktivitet. Hva som er Rogalands-kirkens fremste styrke er hun ikke i tvil om:*
*– Det er at det fortsatt finnes så mange som engasjerer seg på frivillig basis. Enten det er i den lokale kirken sitt menighetsarbeid, eller det er knyttet til organisasjoner. At det er folk som raust gir av sitt eget for at Jesus skal være kjent. Folkene er den største ressursen vi har. Og vi trenger hele mannskapet.*

*Av Tove Marie Sortland*

# Om framsida

## Dua, symbol for Den heilage ande

Eg ønsker god pinse med dette symbolet som eg har på stolaen på prestedrakta mi. I pinsen brukar me raude kyrkjetekstilar og helst symbol som kan knyttast til Den heilage ande. Symbolet på stolaen er ei due med korsforma glorie.



Kona mi, Inger, er tekstilkunstnar. Ho har designa stolaen, – og har vevd stoffet og brodert symbolet.

Dua er blitt brukt som symbol for Den heilage ande i kunsten frå 500-talet. Når dua symboliserer Anden, kjem ho ovanfrå og flyr nedover, og ho har normalt ei korsmerka glorie rundt hovudet.

Den raude kyrkjeårsfargen symboliserer Den heilage ande (eld) og offer (blod). Den liturgiske fargen raudt blir brukt i pinsen, på martyrdagane og ved ordinasjon/vigsling.

Bakgrunnen for å bruka dua som symbol for Den heilage ande, finn me i bibelhistoria om Jesu dåp i Jordanelva:

> *Med det same Jesus var døypt, steig han opp av vatnet. Og sjå, himmelen opna seg, og han såg Guds Ande koma dalande ned over seg som ei due. (Matt 3,16)*

Dua var elles den einaste fuglen som blei brukt som offer i tempelet i Jerusalem. J. Ursin skriv at me dermed kan seia at dua ved Jesu dåp peiker framover mot Jesu død. Han viser her også til profetien om lammet i Jes 53,7 (Jesaia = Esaias i eldre bibelutgåver).

> *Sin spesielle og viktigste symbolske tydning fikk duen da Jesus ble døpt, og Ånden kom ned i en dues skikkelse. Denne hendelse er meget bemerkelsesverdig.*

*Vi har tidligere nevnt at et vanlig symbol for Kristus er lammet. Det vil også være kjent at lammet var det dyr som kanskje mest ble brukt i Israel til ofringer. Og det var nettopp dette bilde profeten brukte (Es. 53,7) da han forutsa Jesu lidelse.*

*Men det er kanskje mindre kjent at av fugler var duen den eneste som ble brukt til offer. Det er derfor betegnende at ved Jesu innvielse til Messias-gjerningen viste Ånden seg i en dues skikkelse, og Johannes sier like etter: «Se der Guds lam«. Begge disse dyrebilder peker i særlig grad på Jesu soningsdød. (J. Ursin: Kristne symboler, Oslo 1975, side 115f)*

Arne Berge

Tatt fra nettsida https://arneberge.wordpress.com/2017/06/03/dua-symbol-for-den-heilage-ande/ - (sett 10.05.2019)

# På stabsbesøk - kyrkjetenarane



*Kyrkjetenarane våre, ein flink og smilande gjeng! - Frå v.: Karin Sofie E. Olsen, Gunhild Edith Lande og John Ingve Olsen*

Me møter endå ei viktig gruppe i staben: Kyrkjetenarane. Utan desse trivelege medarbeidarane, hadde mangt gått i stå! Å vera kyrkjetenar kan til tider vera ein nokså usynleg jobb, men det merkast fort om arbeidet ikkje vert gjort. Kva då med utgåtte lyspærer, vasking, støvsuging, innkjøp, pynting - og all teknikken som ikkje fungerer!

**Gunhild Edith Lande** (64), 100% stilling, fordelt slik: 60% vaktmeister, 20% kyrkjetenar og 20% reingjering. Stillinga skal dekka både Time og Bryne. Ho skal vera med på dåpsgudstenester på laurdagar, alle gravferder, vigsler og nokre søndagsgudstenester.
1. juni har Gunhild vore i stillinga i 5 år. Ho bur på Bryne.

Gunhild er fødd og oppvaksen på sørlegare breiddegrader: i Lyngdal. Via handelsskule, Solborg folkehøgskule, realskule - og etterkvart allsidig yrkesbakgrunn, byrja ho i dåverande Statoil. Der arbeidde ho med rekneskap, og vart verande der i over 31 år.

Gunhild likar at ho nå har kort veg til arbeidet, slik at ho kan gå, sykla eller kjøra. Ho likar fridomen i arbeidet, at ho kan styra litt sjølv korleis ho legg opp dagen. 100%-stillinga synest ho er i minste laget til alt som skal og bør gjerast i kyrkjene, men ho har likevel som mål å levera i betre stand enn då ho begynte. Gunhild blir nemleg pensjonist til hausten. Ho tykkjer det er viktig at folk er nøgde med jobben ho gjer. Det er viktig for alle å bli sett, og Gunhild prøver å vera ei som ser.

Denne dama er allsidig, så ho vert ikkje gjerandslaus som pensjonist. Ho er medlem i ein tre- og metall-klubb, målar bilete til julemesser, syng i Jærklang, arbeider på Gjenbruken og er med i foreiningar. Ho er òg ein hjelpsam nabo!

**John Ingve Olsen** (20), 10% stilling frå august 2016 i Time-kyrkja. Han bur på Bryne, og studerer data (bachelor, 2. året) ved universitetet i Stavanger.

John Ingve styrer lyd og skjerm i Time-kyrkja, og gjer dei vanlege kyrkjetenar-oppgåvene på søndagsgudstenestene. Han har òg vore kyrkjetenar på påskenatts-gudstenestene.

På fritida vert det òg data. John Ingve er med på ansvaret for Boardgamers - som er ein spelekveld for ungdommar frå 15 år og oppover. Dei held til på Frelsesarméen på Bryne.

**Karin Sofie E. Olsen** (18 og russ i år), 10% stilling i Bryne-kyrkja frå august 2017. Ho bur på Bryne, og er søster til John Ingve. Og det var gjennom broren at ho fekk kjennskap til stillinga. I Bryne-kyrkja styrer ho lyd og skjerm, og gjer det andre praktiske kyrkjetenar-arbeidet. Det kan bli nokre laurdagar i Time-kyrkja òg.

Karin Sofie likar arbeidet. Ho synest det er eit greitt helgearbeid som kan kombinerast med det å gå på skule.

Ho er glad i hest og har ridd i heile 10 år, dei siste månadene på Horpestad. Elles er ho med i Bedehuskirken på Bryne. Der er ho også leiar for ei gruppe.

Karin Sofie og broren John Ingve har vore sommarvikarar for Gunhild. Då hadde dei ansvaret i 5 veker for begge kyrkjene - også all reingjeringa. Tilbakemeldingane var gode, så dette er ungdommar med tak i!

Tekst og foto: LHH

# I Helgedagen for 50 år sidan

## Kyrkja på Bryne

Kyrkja vart bygd i 1978-79 og vigsla som Bryne arbeidskyrkje av biskop Sigurd Lunde 16.september 1979. Biskopen brukte uttrykket «Den opne famns kyrkje», noko som har blitt eit kjent uttrykk både for arkitekturen og måten livet i kyrkja ynskjer å framstå.

Omgrepet Kyrkja eller Brynekyrkja vert mest brukt om kyrkja vår i dag. Høgt ligg ho, og er både landemerke og smykke for Brynebyen. Me skriv sommaren 2019. Brynekyrkja er på facebook, har heimeside og e-mail-adresse. Ja, og ikkje minst logo (til høgre under), ein logo som har med biskopen sitt uttrykk på vigslingsdagen: Den opne famns kyrkje.

heimeside: http://www.time-kyrkja.no
e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no

Dette (sjå til høgre) skreiv Helgedagen sommaren for 50 år sidan. Det må vera underleg lesing for alle dykk som arbeidde traust og trufast på mange plan for at Brynekyrkja skulle verta meir enn ein draum. De hadde visjonen og gjekk alle stega. Det er me veldig glade for i dag. Gratulerer!

Redaksjonen




Utdrag frå s. 4

### Kyrkja på Bryne

Mange spør korleis det går med kyrkjesaka på Bryne. Og til det er å seie at me vonar tomtespørsmålet vert løyst i næraste framtid. Då vil ein straks gå igang med planlegging og vidare arbeide. No er det nok dei som spør om det trengs kyrkje på Bryne. Bryne-folk er flinke til å møta i Time-kyrkja og ho ligg ikkje langt borte. — Nei, dersom det berre var gudstenesta søndag føremiddag som var kyrkja si einaste oppgåve då kunne det vel framleis ha vore som det nå er. Men Bryne treng ei kyrkja for dei seks andre dagane i veka — ei arbeidskyrkja som ein kan bygge opp eit sunt og friskt menighetsliv ikring. Her er fullt opp av oppgåver, ikkje minst mellom born og unge. I kyr-

kjeleg meining er Bryne meir å likne med dei såkalla drabantbyar som veks opp med store byggefelt og mange nye heimar. Her har røynsla frå seinare år synt at er ein snart nok ute med å plassera ei høveleg arbeidskyrkje i slike strok kan ein nå ut til nye folkegrupper som det ser ut til kyrkja best kan få kontakt med. Kjem ikkje kyrkja i tide igang med evangeliseringsarbeidet på slike stader vil heile miljøet finne si faste form utan nokon kontakt i det heile med kristen påverknad. Då vert det heilt gjennomsekularisert og åndeleg villfaring og moralsk forfall står ein hjelpelaus mot. Me lyt arbeida medan det ennå er tid og me treng hus som svarer til det verk som skal drivast.

Den opne famns kyrkje
Ei kyrkje for gode relasjonar, raus i sitt mangfald, tydeleg i si retning.
Bryne Kyrkja

TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?
Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redde. Nokre treng berre å slå av ein prat.
Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no
SOS 22 40 00 40
SOS MELDING
SOS CHAT
KIRKENS SOS

VI TRENG FRIVILLIGE.
Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg?
Kvart år svarar vi samla kring 200 000 samtaler via telefon og internett, likevel er det ein av tre som ikkje får svar.
Les meir og meld di interesse på kirkens-sos.no
Å snakke med folk om livet gir meining.


# JÆRKLANG 20 ÅR!



Ut på ettervinteren 1999 kunne ein lesa følgjande i ei annonse i Jærbladet:

*Det skal nå starte et nytt voksenkor på Bryne. Vi skal øve i Bryne Kyrkje. Koret skal ha en kristen profil med et allsidig sangutvalg. Musikalsk leder blir Oddny Underhaug, men hun skal ha med seg flere gode medhjelpere. Vi vil legge stor vekt på det sosiale fellesskapet, og vil ha en god pause med drøs og kaffi på hver øvelse. Kom og bli med fra starten. Velkommen! Vi gleder oss!*

Onsdag den 10. mars 1999 var det klart for første øving. Ein god del damer og nokre menn hadde møtt opp i Brynekyrkja denne kvelden – og koret Jærklang var i gang!

Gjennom 20 år har koret gleda mange, både her på Jæren og vidare ut – med song og eit klart vitnemål om den kristne profilen koret ønskjer å ha! Terskelen skal vera låg for å kunna vera med.

Sjølv om Jærklang skal vera eit kristent kor, noko ein ser av songrepertoaret, krev ein korkje medlemskap i eit bestemt trussamfunn eller ei sterk personleg tru. Her får ein koma som ein er, med den tru, den tvil og den stemme som ein har! 116 medlemmer har vore med i Jærklang gjennom desse åra, og i jubileumsåret tel koret 50 medlemmer. 14 av desse har vore med heilt sidan starten i 1999.

Koret har songarar mest frå Time, men òg frå Klepp og Hå, ja, endåtil heilt frå Stavanger.Det har alltid vore viktig for koret å formidla «den glade bodskapen», om Jesus Kristus , men òg gjennom gåver, kollekt og innsamlingar i regi av koret, vera med å bringa evangeliet vidare ut. Kirkens Nødhjelp, NMS, Misjon Uten grenser, Misjon i Øst, Idas Hjelpefond, Stefanusalliansen er nokre døme på organisasjonar som har fått pengar frå arrangement som Jærklang har stått bak.

Ingunn Heggland Solheim, ein av initiativtakarane til Jærklang, og styreleiar for koret dei første åra, seier det slik:

*Det er gildt å få gleda andre med song, gildt å svara ja når nokon spør oss om å delta. Så er det spanande å koma rundt, besøkja andre forsamlingar og sjå korleis dei driv arbeidet. Alltid får me varm velkomst, og det er kjekt å sjå korleis songen fengar og grip dei som lyttar til koret.*

Jærklang fekk vera med som ein del av felleskoret på gudstenesta på Undheim under Garborgjubiléet og kongebesøket i 2001 Koret har hatt opptreden saman med andre, som til dømes  Gunstein Draugedalen, Kristina Jølster Moi og Eyvind Skeie. Hatt eigne konsertar som julekantaten Den store stjerna, Fest i Guds hus, Like til Betlehem, Visst skal våren komme og elles vore på besøk i ulike kristne forsamlingar over heile Jæren. Turar til Sirdalen, Evje, Stord, Hjelmeland, Aksdal har vore med å sveisa koret saman. Ikkje minst gjeld det då koret i 2013 og i 2016 sette kursen mot Spania. Det å få syngja i den ærverdige katedralen i benediktinarklosteret Santa Maria i Montserrat utanfor Barcelona, var nok eit av høgdepunkta for Jærklang så langt!

Brit Frøyland er styreleiar i jubileumsåret, og vi spør henne kva tankar ho har for Jærklang og framtida for koret?

*Vi ønskjer at medlemmene i Jærklang skal trivast og kjenna seg inkluderte. Likeeins er det viktig at vi* →

## Kveldsgudsteneste-serie i Brynekyrkja hausten 2019: Folkehelse i kyrkje og kommune

Under bispevisitasen i desember 2018 kom det mykje skrøyt for samhandlinga mellom kyrkja og kommunen i Time. Biskopen utfordra til å «halda på den gode kontakten med kommunen, så kyrkja kan vera synleg lokalt … og følgja opp kommunen sin invitasjon til samarbeid om oppvekstmiljøet i kommunen.»

Dette vil me gjera noko med på hausten sin kveldsgudstenesteserie. Og kommunen er med på laget! 4 kveldar om satsingar som er viktige både i kommunen og kyrkja. Felles informasjon, utfordringar og driv til vidare samarbeid. Eit møte mellom kommunalsjefane og dei fagansvarleg tilsette i kyrkja. Det blir møte med to nye, ferske kyrkjetilsette: Diakon og prosjektleiar ungdom. Time kommune legg stor vekt på eit folkehelseperspektiv framover, og kyrkja fokuserer på tru og livsmeistring. Tenk om desse kveldane kunne tenna både tilsette og frivillige til samhandling og engasjement!

4 kveldar midt i kjernefelta av det som kyrkja og kommunen satsar på.

**25.august: Folkehelse og livsmeistring**
Rådmann Trygve Apeland, folkehelsekoordinator Anne Reidun Garpestad og kateket Ingfrid Time Nærland

**29.september: Ung i Time**
Prosjektleiar «Ung i Time» Asle Steinbru

**13.10: Omsorg – kva er viktig?**
Kommunalsjef Britt Ellinor Scott og ny diakon

**17.11: Kultur for heile mennesket**
Kultursjef Trond Lie og organist Per Olav Egeland

Eigen plakat til heimesida vil også koma i septembernummeret av Helgedagen.

Stein Ødegård




*har det bra sosialt. Nivået på repertoaret skal vera slik at alle kjenner seg trygge, samstundes som vi må ha noko å strekkja oss imot. Ein viktig visjon og eit mål er at vi gjennom songen klarer å formidla Guds ord, og på den måten få vera til trøyst og oppmuntring for mange. Vi har stor tru at vi i åra som ligg føre, framleis får vera eit kor med mange glade songarar, og at vi får spørsmål om songoppdrag frå bygd og by!*

Oddny Underhaug har dirigert Jærklang gjennom alle desse 20 åra. Ho er ein inspirator og ein motivator som har betydd mykje for at koret no kan invitera til jubileumskonsert i Brynekyrkja den 14. juni! Kom og ver med oss denne fredagskvelden!

AV

# Trusopplæring i kyrkjelydane i Time

STØRST AV ALT



DEN NORSKE KYRKJA



## Hovudmål for trusopplæringa

Å vera ei raus og tydeleg kyrkje der alle barn og unge får hjelp til å leva livet sitt i tru, håp og kjærleik.
Me vil gjennom kunnskap og kjennskap gje alle døypte barn og unge hjelp til å få ein relasjon til den treeinige Gud:
- Gud - skaparen
- Jesus – frelsaren
- Den heilage Ande - hjelparen

Me deler tru og undring.
Me deler kristne tradisjonar og verdiar.
Me deler opplevingar og fellesskap.
Me deler håp og kjærleik.



### Gudsteneste med påskedrama på Lye forsamlingshus

På palmesøndag fekk me vere med på ei flott gudsteneste på Lye forsamlingshus. Heile påskeforteljinga vert integrert i dei liturgiske ledda gjennom gudstenesta.

Lye barnegospel, saman med fjerdeklassingar som fekk invitasjon frå trusopplæringa, hadde vore saman dagen før og førebudd denne gudstenesta. Ein flott gjeng med ungar leia kyrkjelyden gjennom heile forteljinga saman med prest Roald Byberg og Inger Birgitte Kverneland som var forteljar denne dagen.



Gudstenesta starta med folket som gler seg over at Jesus kjem til Jerusalem, og borna kom syngjande inn med palmegreiner i hendene. "Hurra, nå kommer kongen!"
Deretter følgde hendingane i påskeveka med ofring i tempelkista, skjærtorsdag med nattverdmåltid og bøn, Peter si fornekting som munna ut i kyrkjelyden si truvedkjenning og høgdepunkta med Jesu død og oppstode.

Gudstenesta vart avslutta med "Dine hender er fulle av blomster" medan kyrkjelyden fekk komme fram og pynte alteret med roser.

Denne gudstenesta er utarbeidd av Vardåsen menighet, og



me er glade for å ha fått del i den. Det er sterkt å få koble påskebodskapen opp mot dei ulike ledda i gudstenesta, og ikkje minst å få formidla heile forteljinga gjennom tekstlesing, song og drama.

Nei, det trengs ingen blomster til graven
Jesus du stod opp, og du bor blant oss
Våre øyne er til for å se deg
Hendene er til for å tjene deg
Halleluja, halleluja
Halleluja, Halleluja

**Komande arrangement i regi av trusopplæringa**

**På sporet av Jesus**
Alle fjerdeklassingane får invitasjon til «På sporet av Jesus» i Undheim kyrkje 15. juni kl 12.00-15.00. Her vil dei få møte kjende personar frå bibelforteljingane i Det nye testamentet. Ut frå det dei fortel, vil me finne meir ut om korleis Jesus møtte folk og kven Jesus er. Til slutt avsluttar me med tacofest. Velkommen til ein kjekk og spennande dag i kyrkja!



**Babysong og småsong**
Frå hausten av vert det babysong eller småsong i alle dei tre sokna våre. Samlingane på Lye forsamlingshus og i Undheim kyrkje held fram som før i samarbeid med dei opne barnehagane der. Nytt frå hausten vert at me no òg tilbyr babysong i Bryne kyrkje annankvar torsdag. Babysong er eit gratis trusopplæringstilbod. Det er inga påmelding og ope for alle.

Oppstart Undheim: 28. august
Oppstart Bryne: 29. august
Oppstart Lye: 4. september

**Barnekor**
Me har fleire kjekke barnekor i kyrkjelydane våre. Som ein del av trusopplæringa, inviterer me 4- og 5-åringane til første øving på hausten i Jungelkoret i Brynekyrkja, Lye barnegospel på Lye forsamlinghus og Supermix i Undheim kyrkje. Me har plass til fleire songarar, og håpar mange har lyst til å prøve ut kora våre.

Oppstart Jungelkoret: 22. august - saman med Jarle Waldemar
Oppstart Lye barnegospel: 26. august
Oppstart Supermix: 10. september




**Krøllekveld**
For tredje året på rad arrangerer me «Krøllekveld» for treåringane i kyrkjelydane våre. Då er me samla ein liten time i kyrkja, der me har ei kjekk samling med song og forteljing. Me høyrer om sauen som forsvann og om den gode hyrdingen som leitar etter sauen sin, og borna får sjølve lov til å vere hyrdingar som er på leit etter sauene. Alle får med seg heim ei bok som heiter «Kvar er Krølle?». Me oppmodar særleg fadrar til å vere med på denne samlinga. Velkommen til ei koseleg stund i kyrkja!
Datoar: Undheim: 5. september
Time: 12. september
Bryne: 17. september

**Hausttakkefest**
I Undheim kyrkje vert toåringane inviterte til å delta på hausttakkefest på gudstenesta 29. september. Denne søndagen vert kyrkja flott pynta, og me har ei kjekk gudsteneste i lag, der òg Undheim barnehage deltek med song. Toåringane får utdelt ein CD med mange fine songar, og me håpar dette er noko dei kan ha glede av heile livet. Me ønsker velkommen til hausttakkefest!




Ragnhild Hanssen

# Vår kortreiste pilegrimsveg



*Me kan reisa til Spania, Frankrike, Italia, England og mange andre land for å gå pilegrim. Men dette er ikkje tull: Du kan også gå pilegrim langs Jærhavet.*

Han er like skikkeleg og vedtatt pilegrimsveg som den mellom Oslo og Trondheim, dei ulike vegane til Santiago, Roma eller andre pilegrimsmål.
For oss som bur her, er han dessutan fri for bil- og flyreise. Og om me samanliknar naturen og det storslåtte, ligg han ikkje tilbake for noko.

**Med toget**

Nokre av oss har reist langt for å gå mot ulike pilegrimsmål. No kan me gjera akkurat som dei gjorde i middelalderen, gå ut døra heime. Dei hadde ikkje tog då, men det har me, og det går til Egersund der Kystpilegrimsleia startar.

**Til Nidaros**

Leia går mellom Egersund kirke og Nidarosdomen. Til Nidaros begynte pilegrimane å koma tidleg etter Heilag Olav sin død i 1030. Mykje av den går til sjøs, og er tenkt gjort i båt. Difor heiter det Kystpilegrimsleia. Men frå Egersund til Stavanger var det ekstra farleg, og pilegrimane vandra gjerne til fots. Slik er det også planlagt no. Det er same vegen som kvar dag tek imot turgåarar langs heile stripa. No ventar han bare på endå fleire som vil prøva han som pilegrimsveg, i bitar eller heile i eitt strekk, med ryggsekk og tursko.



**Du bestemmer**

Kva er pilegrimsvandring? Før var det gjerne innlagt at ho skulle innehalda anger og bot. No bestemmer du kor viktig målet og det åndelege perspektivet skal vera på vandringa. Men middelalderkyrkjene du kjem til, innbyr uansett til augneblink med stille og ettertanke.

**Start i 2003**

I 2003 var dåverande jærprost Anne-Sofie Haarr ved pilegrimssenteret i Vadstena i Sverige. Der såg ho at



pilegrimsvandringer gjorde noko med folk, og ho fekk idéen om å ta pilegrimstanken til Jæren. Ho starta året etter med korte pilegrimsvandringer langs havet. Desse vert framleis arrangerte. Sidan 2012 har det dessutan vore ei årleg gruppevandring, Den skal vera i august i år, med påmelding til Utstein pilegrimsgard. I Egersund inviterer også pilegrimskomitéen til lokale vandringar.

**Nasjonal veg**

Men både pilegrimskomitéen i Eigersund og på Jæren er i tillegg i ferd med å førebu seg på at me har fått nasjonal pilegrimsveg i vårt område, og fort kan bli møtte av andre forventningar frå vandrarar frå inn- og utland. Difor vonar komitéane at folk som bur langs vegen etter kvart ser muligheten i å tilby service til vandrarane i form av til dømes overnatting, mat og køyring av bagasje. Dei planlegg blant anna også korleis dei kan bidra til å få merka ruta. Pilegrimspass og stempel er alt på plass. Mulighetsutviklar i Eigersund kommune, Kjersti Søyland Bye, brenn

➔

# "UNG I TIME"



*Asle Steinbru*

"Ung i Time" er eit prosjekt som har som mål å etablera og utvikla eit kristent tilbod for ungdom i kyrkjelydane Time, Undheim og Bryne.

Asle Steinbru er tilsett som Prosjektleiar i 100% stilling. Han vert ein del av Brynestab, og dagleg leiar i Bryne har personalansvar.

I tillegg til prosjektleiar søkjer ein etter 3 eittåringar som skal ha sin base i kvar av desse tre kyrkjelydane, og samtidig jobba i lag om mange arbeidsoppgåver. Prosjektleiar skal følgja opp prosjektet og eittåringane.

Ei styringsgruppe med ein representant frå kvar kyrkjelyd leiar prosjektet "Ung i Time".

I den stille veka møtte Helgedagen ein blid jærbu som vil heim til Jæren og bety noko for unge i Time.

Asle Steinbru vaks opp i Verdalen i Klepp. Han har "gått gradene" på Bore bedehus. Som ungdom tok han aktivt del i ungdomsarbeid der. Seinare vart han konfirmantleiar i kyrkja. Asle har vore 4 år i Oslo, går på Fjellhaug og tar master i teologi. I Oslo har han vore aktiv i studentarbeid i Storsalen.

**Er det noko du saknar i di eiga ungdomstid som du vil at unge i Time skal få?**
I ungdomstida sakna eg ein tydeleg leiar - ein tillitsperson. Som leiar i kyrkja sitt ungdomsarbeid, fekk eg gjennom kateketen ein slik tydeleg leiar. Eg ønskjer sjølv å vera ein trygg tillitsperson for unge i Time.

**Kva ser du fram til i den nye jobben?**
I utlysinga stod det som ein av mange personlege eigenskapar: " glad i ungdom - glad i Jesus". Eg la merke til desse orda og ser fram til å bli godt kjent med dei unge i Time. Framfor alt vil eg vera med på å peika på Jesus for dei.

Ungdommane i 2019 som blir karakteriserte som "generasjon prestasjon", treng å kjenna at dei har ein grunnleggjande verdi som menneske - skapte i Guds bilete - heilt uavhengig av "likes" på sosiale media. Eg vil byggja relasjonar ansikt til ansikt med dei unge. Dei treng å bli sett, og dei treng rammer. Eg vil vera med å gi rammer gjennom relasjon og vennskap.

**Kva trekkjer deg til Jæren?**
Eg er og blir jærbu. Til sommaren flyttar eg med kona mi, Grete, og ein hund til Verdalen - heilt heim til røtene.
Eg vil starta jobben i august med å bli kjent med dei tre kyrkjelydane og arbeidet som vert drive der, og eg gler meg til å bli kjent med alle konfirmantane.
Asle vil flytta inn blant staben på kyrkjekontoret på Bryne i løpet av juni. Treff du ein smilande ung mann som snakkar engasjert om ungdommar, har du møtt Asle. Velkommen til Bryne, Time og Undheim, Asle!

Tekst og foto: RJH

---

også for å koma i gang, og arbeider for merking og for eit pilegrimssenter ved starten. Førebels er det ikkje så mange som har tatt føtene fatt som jærpilegrimar, men truleg står me ved eit vegskilje for pilegrimsvandringer over Jæren.

**Fem dagars vandring**
I fjor var me fire personar som bestemte oss for å prøva ut ruta på eiga hand. Me tok toget til Egersund ein tidleg morgon, og gjekk i gang. Det vart ei flott oppleving. Fem dagar brukte me, hadde innlagte stopp i Egersund kirke, Ogna kyrkje, på Varhaug gamle kyrkjegard, stille rom på Obrestad fyr, Orre gamle kyrkje og ved Sola ruinkirke og overnatta i Sirevåg, på Obrestad, Bore og Sola.
Med litt planlegging, går det an å finna både overnatting og mat. Pilegrimskomitéen på Jæren har laga ei brosjyre der du kan få tips. Prøv!

Reidun Gudmestad

# Ope hus på Fotland

*Tilbod for 4. - 7. klasse frå Lye og Hognestad på Fotland bedehus (Indremisjonsforbundet)*
*Annankvar fredag frå kl 19 - 21*
*Andakt, leikar og spel - og sosialt samvær*
*Kiosk*
*Medlemskontingent: 50 kr*

Helgedagen fekk vera med på "Ope hus" ein fredagskveld seint i april. Møtestad var Fotland bedehus. Dei som samlast der, var gutar og jenter frå Hognestad og Lye skulekrinsar. Dei var i alder frå 4. til 7. klasse, og dei var mange! Denne kvelden var dei 45, men talet kan variera, heilt opp mot 80! Ein flott gjeng, der fleirtalet faktisk var gutar!



*Smilande jenter*



*7. klasse er eldst og får eige rom, her representert av to blide gutar.*

To blide damer ønskjer velkommen, Elin Haugland og Ingveig Nærland Ødegård. Dei har vore leiarar rundt 5 år begge to. Dei bur begge i Hognestad-krinsen, har sjølve born i den aktuelle alderen, og kjenner difor mange av borna frå før.

Å vera berre to leiarar er lite til så mange born, så dei har tre foreldre med kvar gong. Det går på omgang mellom foreldra, og mykje blir ordna via gruppa på Facebook. Når så mange born møter, blir òg aktuelle foreldre å spørja tilsvarande mange. Difor blir det ikkje så ofte at kvar av dei stiller som vakter.



*Innsatsvillige leiarar! Frå v.: Elin Haugland og Ingveig Nærland Ødegård*

Kvelden starta med kort opning av Ingveig. Luer og hetter av, mobilen ned, og flokken var klar! Andaktshaldaren denne kvelden var Brikt Goa frå Nærbø. Han hadde med seg to biblar, ein kjempestor - på russisk, og ein bitteliten lommebibel. Med dei som utgangspunkt, fekk han god kontakt med borna. Med bakgrunn frå m.a. "Opne dører" kunne han òg fortelja om born og vaksne som blir forfølgde for å lesa i Bibelen. Borna fekk høyra om "Sofia" som vart foreldrelaus då foreldra vart skotne - fordi dei var kristne. Seinare ønskte borna å få høyra meir om henne.



*Kiosken er viktig!*

Så var det tid for frie aktivitetar! Først to reglar: 1. Ikkje springa inne. 2. Alle skal ha det gildt. Og så var dei i gang! Nokre rigga seg til med stor skjerm og Nintendo Switch



*Kjekt spel*

- med 2 eller 4 spelarar. Kiosken fekk fort kø, og det var mykje godt å kosa seg med der! Somme ville vera utanfor med ulike aktivitetar, som å springa, klatra, av og til bandy og stundom radiostyrte bilar. Andre ville berre "hengja med andre", tøysa saman og vera sosiale. Leiarane fortel at ein gong i året har dei pinnebrød og pølsegrilling, så her er mykje å vera med på!

Alle såg ut til å ha ein kjekk kveld, og leiarane seier at alle skal oppleva at her er det trygt og godt å vera.

Utsendingen frå Helgedagen opplevde òg at det var godt og inspirerande å vera på Fotland. At så mange møter opp, viser at her har dei funne ein god veg! Lukke og signing vidare!

Tekst og foto: LHH




*Stas med stor skjerm!*



# Velkomen til Sundagstreff i Bryne kyrkje hausten 2019!

Program:
Kl.18.00: Ringleik & allsong + kaffi & drøs i peisestova
Kl.19.00: Gudsteneste i kyrkjesalen

## Datoar for hausten, merk dei av på kalenderen din:

Sundag 1. september — Vanleg Sundagstreff — kl.18.00
Onsdag 2. oktober er det hausttakkefest i St.Petri kirke — kl.18:00
Vi arrangerer felles avreise. Det er påmelding på dette. Meir informasjon kjem.
Sundag 24. november — Vanleg Sundagstreff — kl.18.00
Onsdag 11.desember — Gudstenesteverkstad — kl.17:00
Det er påmelding på dette. Meir informasjon kjem.
Sundag 15. desember — Bankersgudsteneste — kl.11.00

**Ser deg i kyrkja!** ☺

Helsing frå Torunn, Trond, Heidi, Elise, Siri og Marit




# Di stemme tel i Kyrkjevalet

Er du ein av dei 3,7 millionane som er medlem i Den norske kyrkja? Då er stemma di viktig i Kyrkjevalet! Når du stemmer, gir du ein tommel opp til den lokale kyrkjelyden din, og du er med på å bestemme kven som skal leie den framover.

Korleis hadde lokalsamfunnet vårt sett ut utan kyrkja? Korleis ville landet vårt vore utan ei folkekyrkje? Kyrkja er til stades over alt i Noreg. Den tek del i kvardagsliva våre og ved større og mindre hendingar i livet. I sorga og festen, i trøysta, songen, leiken og gleda. Kyrkja er open for alle, frå vogge til grav. Kyrkja har rom for deg!

Korleis vil du at kyrkja skal vere? Ved Kyrkjevalet 8.-9. september har du høve til å påverke: På same tid som det er val til og kommunestyre og fylkesting og i eit vallokale like ved, kan du også stemme fram kven som skal leie kyrkja på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Du kan også stemme på førehand frå 10. august til 6. september.

**To val**

Kyrkjevalet er to val: Du kan stemme på kandidatar til soknerådet og til bispedømeråd og Kyrkjemøtet.

Til soknerådsvalet har ein gjeng flotte medlemer sagt ja til å vere kandidatar til sokneråda dei fire neste åra. Dette er eit fleirtalsval, der du har høve til å gje inntil tre kandidatar ei ekstrastemme. Kandidatane med flest stemmer blir med i rådet.

Ved val til bispedømeråd og Kyrkjemøtet stiller Bønnelista, Nominasjonskomiteens liste og Åpen folkekirke lister. Dette er eit forholdstalsval, der den endelege samansetjinga av rådet speglar både kor mange stemmer som gjekk til kvar enkelt liste og til kvar kandidat. Veljarane kan gje ekstra stemme til tre kandidatar og i tillegg flytta over inntil tre namn frå andre lister til den lista dei stemmer på. Kvart av dei elleve bispedøma i landet vårt har eit bispedømeråd. Rådet tilset blant anna prestar og leier bispedømet saman med biskopen. Medlemene av bispedømerådet er også medlemer av Kyrkjemøtet, det øvste representative organet i Den norske kyrkje.

**Frå juss til gudsteneste**

Arbeidet til soknerådet og bispedømerådet spenner over mange tema. Det kan vere barne- og ungdomsarbeid, juss og økonomiforvaltning, tilsetjingar, gudstenester, miljø og rettferd, omsorg, musikk og misjon. Råda skal sørgje for vekst og næring til kyrkja og lokalsamfunnet der du bur.

Fyrste veka i august får alle medlemene i Den norske kyrkja eit valkort og ein brosjyre om valet. Følg med i postkassa, møt opp og stem!

Les meir om kandidatane til begge vala her i bladet, på nettsidene våre eller på www.kyrkjevalet.no

Godt val!

**Visste du at…**

- Ved kyrkjevalet i 2015 stemde 520 323 kyrkjemedlemer. Det var ei rekorddeltaking på 16,7 prosent.
- Ca. 3,1 millionar nordmenn har rett til å stemme ved Kyrkjevalet 8.-9. september.
- Du må vera døypt for å vera medlem i Den norske kyrkja.
- Ungdom har stemmerett i Kyrkjevalet frå året dei fyller 15.
- Eit sokneråd har 4-10 medlemer, i tillegg til soknepresten. Medlemene har ulik utdannings- og yrkesbakgrunn og mange er også aktive på andre arenaer i lokalsamfunnet.
- Til saman skal 7.000 rådsmedlemer blir stemde inn i Kyrkjevalet 2019.

Frå Bispedømmekontoret

**Frå Time stiller:**

- Simon Pettersen
- Liv Heidrun S. Heskestad
- Leif Olav Støle

Velkommen til nytt kor
for alle i 3.-7. klasse




# Bli med då vel!

**Kva er Allegro?**

Allegro er eit nytt kor som startar opp hausten 2019 i Brynekyrkja for alle frå 3.-7. klasse.

**Tidspunkt og stad:**

Annankvar torsdag (i partalsveker) kl. 18.00-19.00.
Møt opp i kyrkjesalen i Bryne kyrkje.
22. august, 5. september, 19. september, 3. oktober, 17. oktober, 14. november, 28. november og 12. desember (31. oktober utgår)

**Diverse informasjon:**

- 22. august har vi ein PANG-start med pizza og blir kjent med kvarandre.
- Pause med frukt kvar gong.

**Medlemskontingent:** Kr 50 ,- for skuleåret 2019. - Kan betalast på Vippsnr. 526147, eller kontant.

**Har du spørsmål:**

Kontakt: Marit Høie Hetland eller Per Olav Egeland
E-post: marit.hetland@time-kyrkja.no

# Pilegrimsvandringar

**I sommar blir det 2 pilegrimsvandringar for heile Jæren prosti langs Kongevegen:**

**24. juni 2019 - Jonsok kl. 18.00**

Frå Tusenårsplassen ved Obrestad Hamn via Hå gamle prestegard, Kristkrossen på Njærheim og «Stille rom» i Obrestad fyr. Vandringsleiar er Roald Byberg. Ta med mat og drikke.


Foto: BH


Foto: R T

**29. juli 2018 - Olsok kl. 16.00**

Frå Tusenårsplassen ved Obrestad Hamn til kveldsgudsteneste på Varhaug gamle kyrkjegard (kl. 19.00). For dei som ønskjer det, kan dei slutta seg til vandringa nedanfor Grødalandstunet. Vandringsleiar er Gunnar Frøyland. Ta med mat og drikke.

**Velkomne til å vere med langs flotte pilegrimsleier med vakker natur!**

# Kandidatpresentasjon til sokneràdsvalet 2019

## Bryne

Kandidat nr. 1



**Ola Undheim, f. 1952**

**Lærar**

**Satsingsområde:**
- Barne og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden må prioriterast.
- Brynekyrkja skal ha ein sentral plass i Brynebyen. Arbeida for at Brynekyrkja skal vera ein god stad å høyra til, og at me blir fleire på gudstenestene
- Ta godt imot og inkludera innvandrarane. Inspirera til misjonsengasjement.

**Verv i kyrkjeleg samanheng:**
- Medlem i Bryne sokneråd -2 periodar
- Sokneràdsleiar

Kandidat nr. 2



**Inger Bakke Berge, f. 1956**
**Tekstilkunstnar og pensjonist**

**Satsingsområde:**
- Ei open folkekyrkje
- Barne- og ungdomsarbeid
- Gudstenestelivet, kultur og misjon

**Verv i kyrkjeleg samanheng**
- Bryne sokneråd 2015 -2019
- Leiar i barnearbeid
- Julemessekomite i Bryne kyrkje
- Kveldsgudstenesteutval

Kandidat nr. 3



**Steinar Espevik, f. 1963**

**Fagingeniør elektro**

**Satsingsområde:**
- Ungdomsarbeid tilknytt Bryne kyrkje
- Misjon
- Arbeid for å styrkja relasjonar mellom menneske

**Verv i kyrkjeleg samanheng**
- Sokneràdsmedlem
- Leiar i misjonsutvalet
- Vaksenleiar i 9-13 barnearbeid

Kandidat nr. 4



**Heidi Stand Harbo f. 1961**
**Lærar på Bryne skule og Time kulturskule**

**Satsingsområde:**
- Kyrkja skal vera ein god stad å koma til for alle på Bryne.
- Kyrkja skal gje håp og mot i kampen for å ta vare på jorda og fremma rettferd.
- Diakoni og omsorg
- Barnearbeid

**Verv i kyrkjeleg samanheng**
- Sundagsskulelærar på Ålgård
- Speiderleiar i Grim menighet
- Styremedlem i Oddernes unge voksne
- Sundagsskulelærar i Bryne kyrkje
- Varamedlem i sokneràdet på Bryne
- Leiar i ungkyrkja på Bryne
- Med i språkgruppa for liturgifornying i Den norske kyrkja
- Kveldsgudstenesteutvalet i Bryne kyrkje
- Kulturkomiteen i Bryne kyrkje
- Ansvarleg for bønevandringar på kveldsgudstenester

Kandidat nr. 5



**Jostein Tollaksen f.1960**
**Rådgjevar Universitetet i Stavanger**

**Satsingsområde:**
- Barne- og familiearbeid knytta til unge/vaksnegruppa
- Ungdomsarbeid
- Arbeid som gjer Brynekyrkja til ein sentral del av det som skjer i Brynebyen. Ei kyrkje i byen

**Verv i kyrkjeleg samanheng**

- Speiderleiar i 1. Bryne KFUM
- Leiar av lovsangsteam i Brynekyrkja
- Medlem av innsamlingkomite til nytt flygel i Brynekyrkja
- Leiar i Teknikarkompaniet i Brynekyrkja

Kandidat nr. 6



**Tove Hersdal f. 1976**
**Pedagogisk leiar i Undheim barnehage**

**Satsingsområde:**
- Ungdom - gje ungdomar eit god tilbod
- Gudsteneste

**Verv i kyrkjeleg samanheng**
- Søndagsskule
- Dirigent barnekor

Kandidat nr. 7



**Stein Arild Boi Pedersen f. 1958**
**Prosjektingeniør**

**Satsingsområde:**

- Inkluderande kyrkje, attraktive for alle generasjonar
- Ungdomsarbeid

**Verv i kyrkjeleg samanheng**

- Bryne sokneråd
- Time Kyrkjelege Fellesråd
- Kasserar i Ungkyrkja
- Kyrkjevert

Kandidat nr. 8



**Grete Sæther Kallestad f. 1968**
**Pedagogisk leder**

**Satsingsområde:**

**Verv i kyrkjeleg samanheng**
- Kyrkjekaffeteneste i Bryne kyrkje og Familiefokus på Rosseland
- Julemesselaging

Kandidat nr. 9



**Hans Tore Hetland f. 1973**

**Leiar R&D Powel Environment**

**Satsingsområde:**
- Barn, ungdom og familiearbeid

**Verv i kyrkjeleg samanheng**
- Leiar for menighetsarbeidet på Rosseland (Familiefokus)
- Leiar 9:13
- Medlem i sokneràdet

# Kandidatpresentasjon til soknerådsvalet 2019

Kandidat nr. 10



**Anne Brit Ree f. 1955**

**Pensjonist**

**Satsingsområde:**
- Bryne ei kyrkje open for alle
- Trusopplæring, barne- og ungdomsarbeid

**Verv i kyrkjeleg samanheng**
- Soknerådet i Time og Bryne
- Ulike leiarverv i Ungkyrkja, dirigent TeDeum
- Leiar/formann i Ungkyrkja

Kandidat nr. 11



**Jarle Braut f. 1946**
**pensjonist**

**Satsingsområde:**
- Ei open og inkluderande kyrkje
- Låg terskel for å opna kyrkjeromet ved evt. kriser i nærmiljøet
- Kyrkja skal vera synleg som kulturberar og verna om kristne verdiar
- Samarbeida med andre organisasjonar når tema fell naruleg inn under kyrkja sitt verdigrunnlag
- Kyrkja må vera synleg i kvardagen

**Verv i kyrkjeleg samanheng**
- Klepp Sokneråd 2005 -2009

Kandidat nr. 12



**Astrid Ødegård Lemvik**

**Bioingeniør ved Universitetssjukehuset i Stavanger**

**Satsingsområde:**
- Trusopplæring
- Varierte gudstjenester der alle kan kjenne seg heime
- Ei utadretta kyrkje som ikkje er seg sjølv nok

**Verv i kyrkjeleg samanheng**
- Styret til ungdomsgruppa på Fotland bedehus
- Kristenrusstyret
- Medleiar i barneforening
- Cellegruppeleiar

Kandidat nr. 13



**Rolf Heskestad f. 1953**

**Meieriingeniør**

**Satsingsområde:**
- Barne – og ungdomsarbeid
- Unge vaksne med små barn. Byggje vidare på Familiefokus og relasjonbyggjande aktivitetar
- Alle som kjem til Bryne kyrkje skal bli sett

**Verv i kyrkjeleg samanheng**
- Speiderleiar for 1. Bryne KFUM
- Redaktør Helgedagen
- Bryne Soknerråd
- Time Kyrkjelege Fellesråd
- Leiar Gudstenesteutvalet Bryne sokn
- Utval for Familiefokus

## Time

Kandidat nr. 1



**Willy Finnbakk, 60 år**
**Gardbrukar**

**Satsingsområde:**
- Vidareutvikling av aktivitet og bygningar Time og Lye

**Relevant erfaring:**
- Time sokneråd
- Time kyrkjelege fellesråd
- Diverse tillitsverv i landbrukets organisasjonar

Kandidat nr. 2



**Jorunn Ueland, 53 år**
**Lærar**

**Satsingsområde:**
- Engasjert gudstenesteliv. Medverknad og eigarskap
- Trusopplæring. Barn og unge sin plass i kyrkja
- Diakoni. Korleis kyrkja kan vere relevant og nær i livet til folk

**Relevant erfaring:**
- Time sokneråd, inneverande periode
- Trusopplæringsutval/undervisningsutval i Time og Undheim
- Diverse barne- og ungdomsarbeid

Kandidat nr. 3



**Marianne Hauge, 37 år**
**Vernepleier**

**Satsingsområde:**
- Barn og unge

**Relevant erfaring:**
- Frivillig medarbeider

Kandidat nr. 4



**Oddvar Byberg, 56 år**
**Logistikk**

**Relevant erfaring:**
- Speidarleiar
- Kasserar i Hognestad IL

Kandidat nr. 5



**Inger Birgitte Bækken Kverneland, 66 år**
**Pensjonist**

**Satsingsområde:**
- Trusopplæring for barn og unge
- Gudstenestefellesskap
- Skape møteplassar

**Relevant erfaring:**
- Medlem av forsamlingsstyre i Lye forsamlingshus
- Medlem av gudstenestegruppe
- Diverse barnearbeid

# Kandidatpresentasjon til soknerådsvalet 2019

## Time framhald

Kandidat nr. 6

**Arne Ove Teigen, 69 år**



**Faglig leder**

**Satsingsområde:**
- Barnearbeid
- Samarbeid

**Relevant erfaring:**
- Medlem av Lye forsamlingshus sitt husstyre
- Medlem av Lye forsamlingsstyre
- Søndagsskolearbeid (var med og starta søndagsskolen på Lye)

Kandidat nr. 7



**Harald Auestad, 43 år**
**Yrkessjåfør**

**Satsingsområde:**
- Gi barn/unge opplæring i kristen tru

**Relevant erfaring:**
- Speidarleiar

Kandidat nr. 8

**Gunnar Garpestad, 61 år**

**Satsingsområde:**
- Kyrkjelydsbyggjande verksemd
- Forbruk og rettferd, miljøengasjement og samfunnsengasjement

Kandidat nr. 9



**Leif Kåre Lende, 68 år**
**Høgskolelektor**

**Satsingsområde:**
- Kyrkja må i langt større grad bli synleg på internett og i sosiale media.

**Relevant erfaring:**
- Sokneràdsmedlem
- Leiar av Time sokneråd
- Vara i Time sokneråd inneverande periode
- Styremedlem Rogaland A senter
- Styremedlem Høgskolen landbruk og bygdenæringer, (nå nestleiar).

Kandidat nr. 10



**Bjørn Håland, 70 år**
**Pensjonist**

**Satsingsområde:**
- Trusopplæring
- Unge vaksne

**Relevant erfaring:**
- Notodden menighetsråd
- Time sokneråd
- Time kyrkjelege fellesråd
- Layout Helgedagen (Time)

Kandidat nr. 11



**Sverre Risa, 65 år**
**Bonde**

**Satsingsområde:**
- Inkluderande kyrkjelydsarbeid
- Samarbeid

**Relevant erfaring:**
- Tidlegare styre og ungdomsleiar Lye Forsamlingshus
- Politikk

## Undheim

Kandidat nr. 1



**Hanne Brit Sandsmark, f. 1960**
**Gravferdskonsulent**

**Satsingsområde:**
- Ungdomsarbeid
- Fylgja opp soknerådet sitt strategiarbeid for alle aldersgrupper.

**Verv i kyrkjeleg samanheng:**
- Ulike verv i Undheim: sekretær, kasserar, ungdomsarbeid, redaktør Møteplassen.
- Medlem Undheim sokneråd 2016-2019

Kandidat nr. 2



**Ivar Risa, f. 1968**
**Bonde**

**Satsingsområde:**
- Samarbeid på tvers av lag og organisasjonar i bygda.
- Dei unge
- Gudstenestefellesskapet

**Verv i kyrkjeleg samanheng:**
- Undheim sokneråd, 3 periodar (10 år)

Kandidat nr. 3



**Tordis Sandvik, f. 1952**
**Pensjonist**

**Satsingsområde:**
- Barne- og ungdomsarbeid
- Få fleire til å prioritere gudstenestefellesskapet. Sundag må vere dagen for å samlast for alle generasjonar.
- Inspirere og motivere fleire til å engasjere seg i kyrkja sine aktivitetar og opplegg.

**Verv i kyrkjeleg samanheng:**
- Medlem i Time sokneråd 93-97 og 97-01
- Leiar i bøne- og omsorgskomiteen i Undheim kyrkje

# Kandidatpresentasjon til soknerådsvalet 2019

## Undheim framhald

Kandidat nr. 4



**Per Arne Undheim, f. 1988**
**Elektrikar**

**Satsingsområde:**
- Trur det er veldig viktig at kyrkja på Undheim har gode tilbud til ungdommen, spesielt med tanke på utfordringane dagens ungdom står overfor.

Kandidat nr. 5

**Tordis Fosse Lye, f. 1959**
**Logoped**

**Satsingsområde:**
- Barn og unge
- Familiearbeid

Kandidat nr. 6



**Oddvar Undheim**
**Bonde**

**Satsingsområde:**
- Barnefamiliar, ungdom og vaksne
- Alle skal kjenne seg velkomne i kyrkja.

Kandidat nr. 7



**Kari Haavardsholm, f. 1970**
**Sekretær. Hjelpepleiar**

**Satsingsområde:**
- Gode gudstenester og møtepunkt for alle aldersgrupper
- Barne- og ungdomsarbeidet
- Eldrearbeid
- Grupper (huskyrkja/bibelgruppe) for vaksne

**Verv i kyrkjeleg samanheng:**
- Frivillig medarbeidar
- Leiar/formann i Fotland sundagsskule

Kandidat nr. 8



**Anne Lise Undheim, f. 1967**
**Vikar i barnehage**

**Satsingsområde:**
- Arbeid med menneske i kyrkja.
- Barn, ungdom og eldre.

Kandidat nr. 9



**Ingmar Birkeland, f. 1949**
**Pensjonist**

**Satsingsområde:**
- Ingen spesielle

---

## Norea mediemisjon har basar

på Lye forsamlingshus 25. september kl.18.30

Tale av Martin Birkedal

Sang av Hananja

Enkel servering

Alle er hjertelig velkommen

Jær Tannlegene
Heidi Bøe Honningsvåg
Jaertannlegene.no | 5148 4800

JÆRPRINT
TRYKK & DESIGN

STEINSLAND & CO

Kverneland Bil
Vi tar ansvar!
Eskervegen 7, 4341 Bryne • Tlf. 51 77 82 82

VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS
ek Glassmesterforretning
Einar Knutsen as
Postboks 149, 4349 Bryne
TLF. 51 48 02 11
DØGNSERVICE 971 78 180

aktiv.
Eiendomsmegling
51 77 80 00 / rogaland@aktiv.no

jæren sparebank

SPAREBANKEN SØR

elkonor EL-TEAM
Elektroentreprenør
Morenefaret 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40
E-post: dr@el-team.net, Internett: www.el-team.net

WACO
Forsikringsmegling as

HOLMANE Bil
Tengsareidv 4, 4373 Egersund
Tlf. 51 46 19 80
http://holmanebil.no
CHEVROLET Jeep ISUZU SSANGYONG RAM

BYGG MESTER
JENS GERLACH SØRENSEN A·S



FAGBUTIKKEN MED SERVICE
MALING BELEGG TEPPER TAPETER
GRUPPETEPPER LØPERE SOLSKJERMING
Åpent: 9-18 (14)
FARGERIKE ROSLAND
KÅSEN • BRYNE • TLF. 51 42 60 15

Bogh Hafsø a/s
TOYOTA
Fossveien 3, 4373 Egersund
Tlf. 51461700 www.toyotaegersund.no

SpareBank 1
SR-BANK



haver
Haver Advokatfirma AS
Øgårdsbakken 3, Bryne
telefon 51 77 00 50

TIME ELEKTRO AS
når resultatet er viktig
Vesthagen 4, 4344 Bryne
Tlf. 51 77 15 90

PB
PIZZABAKEREN™
Pizzabakeren Bryne, 47 70 77 00

Rogalandshus

EiendomsMegler 1

FK butikken
fkra.no/fkbutikken

Alt innen datahjelp
-hjem på døren
til private & bedrift
Tlf 51485000
www.datahjelpen.it

PRIVATMEGLEREN
JÆREN
Torggata 2, 4340 Bryne
Tlf. 51 48 86 00 • jaeren@privatmegleren.no

PORT &
DØRSENTER AS

GJESDAL BRASSBAND OG BRYNE KYRKJE
INVITERER TIL

# Sommarkonsert

saman med
Rosseland skulekorps, Bryne skulekorps
og Vigrestad skulekorps

Billettpris 50,-
Torsdag 13. Juni kl 18:00
i Bryne kyrkje

gbb
gjesdal brass band



Vi går for fellesskap!

## Vi går for fellesskap!

**Kleppeloen, søndag 22.09. 2019**

14.00-17.00

**Fargerikt fellesskap, fysisk utfoldelse og fantastisk mat!**

Bli med på en inkluderingsdag der du blir kjent med folk fra mange nasjoner og kulturer! Det blir lek og turgåing for store og små, teambygging, latter, god mat og gospelmusikk.

Transport: Erfaring tilsier at det er en fin ting å tilby plass i private biler til flyktninger og flerkulturelle du ønsker å invitere. Dermed oppnår vi den blandingen av folk som vi ønsker på en slik dag. Frivillig startkontingent 100 kr/familie på vipps)

Velkommen!

**Se filmsnutter «Vi går for fellesskap» her:**

https://vimeo.com/334839475 og https://vimeo.com/334968056

Arr.: KIA , Kristent Interkulturelt Arbeid, Rogaland

www.kianorge.no/rogaland

FRELSES-ARMEEN

Bryne
Kto. 3325.20.11906



**Vil du ha Misjonstidende MT GRATIS i postkassen?**

Send SMS med **NMS MT** til 2490
eller ring oss på 51 51 61 00.

NOREA MEDIEMISJON




Vil du at palestinere og israelere skal få mulighet til å møtes i Kjærlighet?
Vipps din gave til 19333

**TAKK**
til deg som

UTRYDDER FATTIGDOM
DELER TROEN PÅ JESUS
BEKJEMPER URETTFERDIGHET

NMS

SAMMEN FORANDRER VI VERDEN

VIPPS: 10932
SMS: NMS HJEM til 2490 (kr 200)



**Det er ingen selvfølge at noen ordner bursdagsgave**

Tusenvis av barn i Norge opplever at det knyter seg i magen hver dag.

Vil du hjelpe familier som sliter med alkohol- og rusproblemer?

*Send VIPPS til 13130* *(valgfritt beløp)*
*Send SMS "BK VENN" til 2210* *(kr 100)*

Blå Kors

# Skaparverket



## Solblomen

Sjå dei fine blomane!
Det er dessverre ikkje så mange som har fått nyta synet av solblomen i all si gule prakt. Tidlegare var solblom ein vanleg plante på Jæren. Derfor er det nok ikkje tilfeldig at solblomen har fått vera med å prega den flotte Karen-drakta! Vil du finna solblom i dag, må du leita godt, eller kanskje få eit tips frå ein lokal blomekjennar.

Det har vist seg at solblomen ikkje toler gjødsel. Dette er nok saman med attgroing dei viktigaste grunnane til at blomen no er truga. Han veks gjerne på tørre grasbakkar, og dei flotte blomane opnar seg tidleg på sommaren. Sjølve blomen kan minna om prestekragen, og dei høyrer til same familie, korgblomstfamilien.

Solblom er ein velkjend medisinplante. På latin heiter han Arnica montana. Mange har sikkert høyrt om arnikatinktur, som ein også i dag kan få kjøpt på apoteket. Arnikatinktur har blitt nytta utvortes ved forstuingar, muskelsmerter, reumatiske smerter m.a.

Tekst og foto: Rolf Heskestad

## *Det litt muntre hjørnet:*

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| P | Å | S | K | E | D | A | G |
| O | P | P | S | T | O | D | A |
| L | O | R | T | A | S | A | L |
| I | S | E | N | S | E | M | I |
| T | E | I | A | T | R | A | L |
| I | N | I | T | I | E | R | E |
| K | O | N | T | A | K | T | A |
| K | G | G | A | R | V | A | R |

Løysing Helge-kryssord - 2/19

Det var på en av øyane i Ryfylke. Det var anskaffet orgel til forsamlingshuset og dette skulle innvies. En mann fra byen var tilkalt for å traktere instrumentet, og han skulle prøve det før høytideligheten. Etter at han hadde spilt en stund reiste han seg og så rundt i lokalet. - Jeg synes det er dårlig akustikk her, sa han.

Formannen i festnemnda, som var med ham, tok til å snuse rundt om i luften og så svarte han forsiktig: - Eg kan 'kje kjenna någen ting, eg!

(Frå Folk é løgne 1950 s. 79, med løyve frå Stavanger Aftenblad)

**HelgeKryssord - 3/19** (av Gabriel Tengsareid)



**Vassrett**
1. Fisk
4. Studerte
6. Gresk bokstav
7. Song
8. Renne
9. Ha hug på
10. Fiskesnøre
12. Gull (omv.)
13. Kvinnenamn
14. Kurase
15. Tone
16. Plan

**Loddrett**
1. Gå
2. Brensel
3. Tanke
4. Farge
5. Bonde
11. Ein milliarddel
12. Fiskesnøre
12. Makelaus
17. Versus (fork.)

# Gjevarteneste

| |
|---|
| Barne- og ungdomsarbeid i Bryne, |
| kto.nr. 3325.25.07057 |
| Trusopplæringa i Time |
| kto.nr. 3325.39.13407 |
| Kyrkjelydsarbeidet / Gjevarteneste |
| ungdomsarbeidar, Undheim |
| kto.nr. 3325.21.55657 |
| Undheim kyrkje - gåver |
| kto.nr. 3325 25 08959 |
| Frøyland-Orstad kyrkjelyd, |
| kto.nr. 3290.60.44179 |
| Kyrkjebygg Frøyland-Orstad |
| kto.nr. 3325.25.09270 |
| Barne- og ungdomsarbeidar på Lye |
| kto.nr. 3290.58.78041 |
| Stikk innom vår heimeside |
| http://www.time-kyrkja.no |




**Vil du gi en gave til Normisjon?**

normisjon

**Kontonr: 1503.02.13537**

Husk å øremerke gaven hvis du vil den skal gå til noe spesielt.

**www.normisjon.no**

## Ynskjer du nokon å snakke med?

Du er velkommen til å ta kontakt med prest og diakon for samtale.

Sokneprest Gunnar Frøyland (Time)
tlf. 958 73 847
Sokneprest Stein Ødegård (Bryne)
tlf. 911 57 105
Sokneprest May Brit Merland Arnø
tlf. 467 94 518
Diakon Marit Høie Hetland
tlf. 48 89 69 19

## Miljø, møteplass og misjon

**FRETEX butikk Bryne**

Parken senter Inngang ved hjørnet til Erlandsbakken og Meierigata

Opningstider:
måndag stengt.
tysdag-fredag 10.00 – 16.00 laurdag 11.00 – 15.00

**Vi tar imot og sel:**

Klede, kjøkkenutstyr, måleri, bøker, møblar, pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna.

Telefon 922 09 638

**NMS Gjenbruk Bryne**

Parken senter Inngang ved hjørnet til Saronsbråtet og Meierigata

Opningstider:
måndag-fredag 10.00 – 17.00 laurdag 11.00 – 15.00
**1. juli – 3. aug. :**
måndag-fredag 11.00 – 16.00 laurdag 11.00 – 15.00

**Vi tar imot og sel:**

Møblar, kjøkkenutstyr, bøker, måleri, leiker, pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna.
Vi tar også imot stumpar av stearinlys
Telefon 400 37 151









## DØYPTE

### BRYNE KYRKJE

17.03.19: Hannah Abelsnes, Emily Haugland Johnsen, Axel Ørn Jonsson, Mathias Abelsnes Svenning
07.04.19: Tommy Heggø, Helen Khazri Kvitvær
14.04.19: Aslak Dysjaland Lerstøl
05.05.19: Eik Heggland Bærheim, Brage Heggland Bærheim, Caspian Flatnes Nicholls, Lucas Sjølyst, Marthea Stabel, Birk Valen Støle, Maria Temesghen Tedla

### TIME KYRKJE

02.03.19: Vilde Buchardt Undheim
10.03.19: Amalie Bjånes, Eskild Andreas Budeng
23.03.19: Mons Bakken Haugstad, Aksel Hestnes, Marcus Lode, Jonah Serigstad-Aase
07.04.19: Vetle Lund Haugland, Theo Hetland, Alfred Lien, Malin Erichsen Øverland
21.04.19: Tobias Holen

### UNDHEIM KYRKJE

31.03.19: Torje Lokøy Gjerdevik, Tonje Hobberstad

## VIGDE

### TIME KYRKJE

09.03.19: Trine Brekken Rasmussen og Børje Braut, Inger-Tone Ueland Hansen og Kwangbok Shin
16.03.19: Frida Johansen Sevland og Krister Wemberg
23.03.19: Maren Aase og Henrik Aarbakke
04.05.19: Margretha Sikveland og Marcus Skjennum Løken

## DØYPTE (framhald)

### BORN FRÅ TIME DØYPT ANDRE STADER

24.03.2019: Kaja Garvik-Hansen (Bogafjell kirke)

## DØDE

Arild Lyder Lode, Magda Sofie Frøyland, Stein Kjetil Søyland, Inge Arnold Rørmark, Kristin Lode, Aslaug Vaaland, Eldfrid Maria Tjensvoll Vinje, Stina Gravdal, Olaug Kristine Tegle, Magnhild Olefine Svalholm, Martin M Thu, Elin Sæther (Klepp), Jone Kvalvik, Jonas Tjemsland.



**Støttegrupper**

**Kyrkja sitt tilbod til etterlatte**

Det finst tilbod om å delta i støttegrupper etter at ein har mista ein av sine næraste. Ønskjer du å bli med i ei slik gruppe, ta kontakt med diakon på: diakon@time-kyrkja.no eller ring kyrkjekontoret på tlf. 51 77 03 77

NOVA
BEGRAVELSESBYRÅ
Gjesdal • Jæren • Sandnes
**51 61 04 00**
Hele døgnet
*Hanne Brit Sandsmark og Møyfrid Hersdal*



www.novabegravelse.no

KROGEDAL begravelsesbyrå
**DØGNVAKT**
**51 97 29 00**
**Våre medarbeidere på Jæren**
Runar Apeland, Borgny Å.Skretting og Brikt Goa
**Kontor: Bryne og Sandnes og Stavanger**
**STEINAVDELING**
GRAVMONUMENT
PLATER
www.krogedal.no

3.GENERASJON BEDEMANN
Arild Aase
Aase
Begravelsesbyrå
Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102
24 TIMERS VAKTTELEFON

Obed Bryne
Begravelsesbyrå
Hos oss er dine ønsker det viktigste
**24-timers vakttelefon**
**51 77 80 80**
Les mer på www.obed.no
**80 år** 1939-2019

Velkomen til

# gudsteneste

**Skyss til gudstenesta**

**BRYNE KYRKJE:**
**Sverre M. Lima 51 48 21 33**
**Jonas Frøyland 41 30 04 68**

**Ring før kl 10.00**









**GOD SOMMAR**

## Gudstenesteliste

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Sundag 9. juni** | **Pinsedag** | | **Joh 14,23-29** |
| Bryne kyrkje | 11:00 | Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Sundagsskule | |
| Time kyrkje | 11:00 | Gudstjeneste. Dåp. Nattverd | |
| **Mandag 10. juni** | **2. pinsedag** | | **Joh 7,37-39** |
| Undheim kyrkje | 10:30 | Høgtidsgudsteneste. Dåp. Nattverd | |
| Krosshaug | 11:00 | Gudsteneste. Felles med Klepp | |
| **Sundag 16. juni** | **Treeiningssundag** | | **Apg 17,22-34** |
| Time kyrkje | 11:00 | Gudstjeneste. Dåp. Sundagsskule. Gullkonfirmantar | |
| Bryne kyrkje | 11:00 | Gudsteneste.Dåp | |
| **Sundag 23. juni** | **2. sundag i treeiningstida** | | **Joh 3,1-13** |
| Undheim kyrkje | 10:30 | Gudsteneste. Nattverd. Sundagsskule | |
| Lye forsamlingshus | 10:30 | Gudstjeneste. Dåp. Nattverd. Sundagsskule | |
| Bryne kyrkje | 10:30 | Gudsteneste. Dåp. Nattverd. Sundagsskule | |
| **Sundag 30. juni** | **3. sundag i treeiningstida** | | **Mark 10,13-16** |
| Time kyrkje | 10:30 | Gudstjeneste. Dåp. Nattverd | |
| **Sundag 7. juli** | **4. sundag i treeiningstida** | | **Matt 9,35-38** |
| Bryne kyrkje | 10:30 | Gudsteneste. Dåp. Nattverd | |
| **Sundag 14. juli** | **5. sundag i treeiningstida** | | **Matt 18,12-18** |
| Undheim kyrkje | 10:30 | Gudsteneste. Dåp. Nattverd | |
| **Sundag 21. juli** | **Aposteldagen** | | **Mark 3,13-19** |
| Bryne kyrkje | 10:30 | Gudsteneste. Dåp. Nattverd | |
| **Sundag 28. juli** | **7. sundag i treeiningstida** | | **Mark 5,25-34** |
| Time kyrkje | 10:30 | Gudstjeneste. Dåp. Nattverd | |
| **Sundag 4. aug.** | **8. sundag i treeiningstida** | | **Mark 12,28-34** |
| Bryne kyrkje | 10:30 | Gudsteneste. Dåp. Nattverd | |
| **Sundag 11. aug.** | **9. sundag i treeiningstida** | | **Luk 6,36-42** |
| Time kyrkje | 10:30 | Gudstjeneste. Dåp. Nattverd | |
| **Sundag 18. aug.** | **10. sundag i treeiningstida** | | **Mark 11,25-26** |
| Lye forsamlingshus | 10:30 | Gudstjeneste. Dåp. Nattverd | |
| Undheim kyrkje | 10:30 | Gudsteneste. Dåp. Nattverd. Sundagsskule | |
| Bryne kyrkje | 11:00 | Gudsteneste. Dåp Sundagsskule | |
| **Sundag 25. aug.** | **11. sundag i treeiningstida** | | **Joh 8,31-36** |
| Time kyrkje | 11:00 | Gudstjeneste. Dåp. Pres. av konfirmantane | |
| Bryne kyrkje | 11:00 | Familiefokus. Nattverd | |
| Bryne kyrkje | 19:00 | Kveldsgudsteneste | |
| **Sundag 1. sept.** | **12. sundag i treeiningstida** | | **Joh 4,27-30.39-43** |
| Lye forsamlingshus | 10:30 | Gudstjeneste. Dåp | |
| Undheim kyrkje | 10:30 | Gudsteneste. Dåp. Sundagsskule. Pres. av konfirmantane | |
| Bryne kyrkje | 11:00 | Gudsteneste. Sundagsskule | |
| **Sundag 8. sept.** | **13. sundag i treeiningstida** | | **Apg 6,1-7** |
| Time kyrkje | 11:00 | Gudstjeneste. Nattverd | |
| Bryne kyrkje | 11:00 | Gudsteneste. Dåp. Sundagsskule | |
| **Sundag 15. sept.** | **Vingardssundagen** | | **Matt 19,27-30** |
| Undheim kyrkje | 10:30 | Gudsteneste. Nattverd. Sundagsskule | |
| Lye forsamlingshus | 10:30 | Gudstjeneste. Nattverd | |
| Bryne kyrkje | 11:00 | Gudsteneste. Dåp. Sundagsskule | |
| **Laurdag 21. sept.** | **Laurdag etter vingardssundagen** | | **Matt 19,27-30** |
| Time kyrkje | 14:00 | Dåpsgudsteneste | |
| **Sundag 22. sept.** | **15. sundag i treeiningstida** | | **Joh 15,9-12** |
| Bryne kyrkje | 11:00 | Familiefokus. Hausttakkefest | |
| Time kyrkje | 11:00 | Gudstjeneste. Dåp. Hausttakkefest | |
| **Sundag 29. sept.** | **16. sundag i treeiningstida** | | **Matt 11,16-19** |
| Undheim kyrkje | 10:30 | Familiegudstjeneste. Dåp. Hausttakkefest. CD til 2-åringar | |
| Lye forsamlingshus | 10:30 | Gudstjeneste. Dåp | |
| Bryne kyrkje | 19:00 | Kveldsgudsteneste. Nattverd | |